



MØTEPROTOKOLL

Utval: Det faste planutvalet
Møtestad: Møterom A, Rådhuset
Dato: 30.04.2007
Tid: 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ragnhild Aarflot Kalland	Leiar	SP
Gunnar Strøm	Nestleiar	SV
Gunnhild Humberset	Medlem	AP
Bjarte Humberset	Medlem	V
Marthe Styve Holte	Medlem	SP
Arild Iversen	Medlem	KRF
Gerd Botn Brattli	Medlem	KRF
Jon Georg Dale	Medlem	FRP

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jan Heltne	MEDL	H

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Tine Berg Nordahl	Jan Heltne	H

Born og unge sin representant, Helene Flølo Yksnøy, møtte ikkje.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Jarle B. Krumsvik	Administrasjonssjef
Liv Karin Egset	Ingeniør

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 37/07	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 38/07	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 39/07	Dispensasjon frå kommuneplan frå deling av hyttetomt på Eikrem
PS 40/07	Søknad om dispensasjon frå byggehøgde – Gamlevegen 28

På slutten av møtet stilte Marthe Styve Holte spørsmål om kor langt arbeidet med kommunedelplanen for Folkestad er komen og kva tid den kjem til handsaming. Heidi Istad frå planavdelinga ga svar på spørsmålet. Planutvalet slutta seg til svaret frå Istad og held fast på at kommunedelplan Volda sentrum, Mork/Furene skal handsamast først, deretter kommunedelplan for Folkestad

PS 37/07 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjendt.

PS 38/07 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Gunnhild Humberset kom med merknad om at i protokollen frå møte 10.04 sak 32/07 under Røysting om ugildskap der det står Gunnhild Humberset skal stå Ingrid Opedal.

Røysting:

Møteprotokollen med den endringa vart samrøystes godkjent.

PS 39/07 Dispensasjon frå kommuneplan frå deling av hyttetomt på Eikrem

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Under føresetnad av at det vert gitt løyve til avkjørsle frå Fylkesvegen, finn Det faste utval i plansaker å kunne gje dispensasjon frå kommuneplan for frådelling av hyttetomt slik søkt om.*

2. *Av omsyn til å få etablert ei tenleg byggetomt, der byggplassering, avkøyrsløse og parkering skal kunne få ei god løysing, bør tomta utvidast både mot sjøen og mot sør, til ca. 1 da.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Det faste planutvalet - 30.04.2007

1. *Under føresetnad av at det vert gitt løyve til avkøyrsløse frå Fylkesvegen, finn Det faste utval i plansaker å kunne gje dispensasjon frå kommuneplan for frådelling av hyttetomt slik søkt om.*
2. *Av omsyn til å få etablert ei tenleg byggetomt, der byggplassering, avkøyrsløse og parkering skal kunne få ei god løysing, bør tomta utvidast både mot sjøen og mot sør, til ca. 1 da.*

PS 40/07 Dispensasjon frå byggehøgde – Gamlevegen 28

Administrasjonen si tilråding:

Det faste planutval finn ikkje at det i saka er framkome særlege grunnar som tilseier at ein bør gje dispensasjon frå gjeldande byggehøgde/etasjetal.

DFP ber søkjaren vurdere ei endra utbyggingsform innanfor gjeldande reglar for byggehøgde.

Handsaming:

Det faste planutvalet var først på synfaring til Gamlevegen 28. Etter synfaring og diskusjon kom Arild Iversen KRF med fylgjande framlegg:

Det faste planutval gir dispensasjon frå gjeldande byggehøgde/etasjetal.

DFP legg då vekt på

- at nabointeressene i liten grad vert påverka av tiltaket

- at fjernvirkningane av tiltaket er minimale

- at tomta er stor

- og at reguleringsplanen er gamal og ikkje heilt tilpassa dagens syn på byggehøgder i området

Røysting:

Adm. sitt framlegg fekk 2 røyster. Iversen sitt framlegg fekk 7 røyster og vart vedteke.

Vedtak i Det faste planutvalet - 30.04.2007

Det faste planutvalet gir dispensasjon frå gjeldande byggehøgde/etasjetal.

DFP legg då vekt på

- at nabointeressene i liten grad vert påverka av tiltaket

- at fjernvirkningane av tiltaket er minimale*
 - at tomta er stor*
 - og at reguleringsplanen er gamal.*
-

Møtet slutt kl. 15:35

Rett utskrift,
VOLDA KOMMUNE, Servicekontoret
30.april 2007

Bente Kristin Krøvel
sekretær